



SAKSHANDSAMAR  
Kristine Johansen

INNVÅLSTELEFON

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.  
06/03957-33

DYKKAR REF.  
11/300-139

DYKKAR DATO

ARK. P - Plansaker

261 Sund kom. - Ho

VÅR DATO  
03.12.2015

Sund kommune  
Postboks 23  
5371 SKOGSVÅG

Hordaland Fylkeskommune

14 DES 2015

KOPI

## Justert reguleringsplanframlegg for Skaganeset, 49/23 og 49/73 i Sund kommune

Vi syner til Sund kommune si sending av justert framlegg til reguleringsplan for Skaganeset av 1. oktober 2015 med fleire vedlegg.

Riksantikvaren fremma motsegn til framlegg til reguleringsplan for Skaganeset da planen ikkje var i samsvar med Miljøverndepartementet si avgjerd av 22. oktober 2009. Her vart det stilt klare krav til ein kommande reguleringsplan for det aktuelle området. Riksantikvaren ser det som uheldig at kommunen i sitt arbeid med ein ny plan ikkje følgde desse krava slik at vi på nytt var tvungne til å reise motsegn 12. juni 2015.

I møte mellom Riksantikvaren og Sund kommune 1. juli 2015, vart partane samde om at kommunen skulle utarbeide ein justert plan der byggjeområde og veg var lagt inn slik at dei ikkje var i konflikt med kulturminnet Kvalvågen og i samsvar med Miljøverndepartementet si avgjerd frå 2009. I tillegg skulle kommunen leggje ved dokumentasjon og vurdering av dei ulike vegalternativa, visualisere innsyn over Kvalvågen frå to avtalte punkt og dokumentere kva tiltak som skal gjerast for å tilpasse veg og landskapsløysingar på bestemte punkt.

Når det gjeld vegløyning, har kommunen sendt ei oversikt over korleis ulike tema er vurdert for dei sju alternativa som vart konsekvensutgreidd. Samanstillinga for dei ulike tema er kortfatta men gir likevel eit innsyn i bakgrunnen for kommunen sitt val av vegtrasé. Slik vi forstår det, er det kostnadane som er det utslagsgivande. Ut frå omsyn til landskapet og kulturhistoria i Kvalvågen som er av nasjonal interesse, hadde alternativ 4, tunnel, heilt klart vore det beste valet. Alternativ 2 vil føre til inngrep i landskapet som er ugjenkallege.

Riksantikvaren har vurdert justeringane i vegalternativ 2 som er det alternativet kommunen ønskjer. I dei områda der vegen kan sjåast mellom anna frå ungdomshuset, er det no foreslått færre og mindre skjeringar enn tidlegare, jf. illustrasjonar av terrengprofilar. Desse illustrasjonane syner òg murar i nerkant som skal plantast til. Riksantikvaren kan akseptere at vegen vert bygd slik han no er foreslått, men berre under føresetnad av at det er dei utteikna terrengprofilane i vedlegget datert 21.08.2015 som vert nytta i samband med bygginga. I § 2.6 *Landskap og terreng* er fjellskjeringane omtala, mens vegetasjonsskjermene er omtala i § 3.7. Desse to reguleringsføresegnene er det viktig å sjå i samanheng.

For at vegen i minst mogleg grad skal være eit synleg inngrep i landskapet ved Kvalvågen, ber Riksantikvaren om at lyssetting av vegen ikkje gjerast på ein slik måte at lyset vert for dominerande. Dette må inn i reguleringsføresegnene. Der må det òg stå at ein plan for

lyssetting skal leggst fram for kulturminneforvaltinga før tiltaket kan settast i gang. Det vil da være viktig å tenkje alternativt til høge lysmaster tett i tett langs vegen.

Når det gjeld byggjeområde B 1 er høgda på bygningane redusert frå 31 m.o.h. til 27 m.o.h. I B 2 finst det eit eksisterande bygg som er 28,5 m.o.h. For å hindre innsyn til bygningane frå Kvalvågen, skal det etablerast ein jordvoll mellom byggjeområde B 1 og Kvalvågen som skal være 28 m.o.h. Riksantikvaren kan akseptere ein plan der høgda på bygningane i B 1 har maks høgde 27 m.o.h. Vi finn det likevel riktig å stille krav om at det i reguleringsføresegnene tas inn at det område B1, B 2, A 1 og A 2 ikkje er løyve til å sette opp installasjonar eller andre typar for tiltak som er høgare enn byggjehøgda for det enkelte område. Dette gjeld òg lysmaster.

Vegetasjonskjermene skal plantast til. Dette er omtala i § 3.7. Det er her ikkje sagt noko om høgda på vegetasjonen eller kva type. Riksantikvaren rår til at ein nyttar stadeigen vegetasjon og at denne er av ein type som ikkje veks seg for høg. Dette av omsyn til at Skaganaset tidlegare i stor utstrekning har vore snaubeita og at detaljer i landskaper, mellom anna utsiktpunkta for dei som jakta på kvalen, vil være lettare å sjå og at ein dermed lettare kan forstå korleis landskapet har vore nytta i samband med slik jakt. Desse krava må inn i reguleringsføresegnene.

#### Konklusjon

Riksantikvaren kan akseptere ein plan for Skaganaset der byggjeområde B 1 har maks byggjehøgde 27 m.o.h. og der ein kan etablere ein veg som omskrive i det justerte planframlegget med vedlegg. Samstundes ber vi om at reguleringsføresegnene også omtaler krav til lyssetting av veg, kva slags type vegetasjon og høgde vegetasjonskjermene skal plantast til med, og at det ikkje er høve til å etablere nokon form for tiltak som vil rage høgare enn byggjehøgda i dei ulike områda.

Så snart Riksantikvaren har motteke eit revidert planframlegg der desse merknadane er innarbeidd, vil vi gi vår tilslutning til ein slik plan.

Beste helsing

  
Marit Houise (e.f.)  
avdelingsdirektør

  
Leidulf Mydland  
seksjonssjef

Kopi til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen/ Klima- og miljødepartementet - Kulturminneavdelingen, P.B. 8013 Dep, 0030 OSLO/ Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Postboks 8112 Dep, 0032 OSLO